



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 27.11.2023

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2023 – ILDRIDTRØA – BN00079410

Dykkar ref. 2023/309.

Slått

27. og 28. juli blei det gjort ein del ljåslått der det er for ulendt for slåmaskina. Slåmaskinarbeidet blei gjort i perioden 14. – 22.8., då det berre er igjen litt kantslått mot vegen og fire flekkar med blomstring for insekt. Det som sto igjen, dvs. dei små flekkane og litt kant blei utsett til ein såg om det var igjen nokre timar. Det var det ikkje.

Det har ikkje vore særleg tørk i slåtteperioden, men ein del gras har fått eit par dagar på bakken før det blei henta. Det blei litt frø i presenninga ved sleping, så noko frøing har det blitt.

Det blei i alt 7 tilhengarlass med gras i år, eit meir enn i fjor, levert som hestefôr.

Hogst

Det var ikkje søkt om hogst i år.

Rydding av kant

Mesteparten av kanten er godt slått. Det står igjen litt langs steinmuren mot vegen, då det ikkje var timar igjen.

Restaureringsarbeid

Ikkje noko arbeid som kan reknast som restaureringsarbeid i år.

Arbeidsinnsats

Det er brukt 20,5 timar på slått i 2023. Mykje er gjort med tohjulsslåmaskin. Det er køyrt 147 km.

Artsregistreringar

Det er registrert i alt 244 taxoner på Ildridtrøa, så det er ikkje så mykje nytt å melde.

Det blei gjort eit funn av brunskogsnegl på lokaliteten dette året, nærast tilkomstvegen. Individet blei drept. Viss det er eit individ som har vore med køyretøy eller reiskap i samband med slåttemarka, eller vanleg jordbruksverksemd over vegen, så kan ein håpe at det var denne eine. Om ikkje, så er lokaliteten infisert. Dette vil ein nok finne ut meir om dei neste to åra.

Det er lagt inn nokre artsregistreringar på www.artsobservasjoner.no dette året også.

Økonomi

Det var søkt om 20 timar til slått, løyvinga var for 13 timar, og timeforbruket blei 20,5.

	Søkt	Fått	Brukt	
Slåttarbeid	7400	5000	7585	
Hogstarbeid	0	0	0	
Køyning	500	0	661	
slåmaskinleige	1200	1200	1200	
Sum	9100	6200	9446	

I tillegg er administrasjon gjort på dugnad.

Anna

Det har vore kontakt med naboar og tilfeldige forbipasserande som har fått informasjon om skjøtselen også dette året.

Framtidige behov

I sørvesthjørnet er det etter kvart ein del skugge av skog, særleg på sørsida. Der bør det tynnast noko i fleire år framover. Dessutan står det fleire litt større osp som bør ringbarkast. Det er fleire store tre langs vegen, og her bør ein ta eit tre år om anna. Der er det også nokre tendensar til hasselkratt.

Med helsing

Øystein Folden

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Foto 27.07.2023 Øystein Folden. Nordre delen før slått.



Figur 2. Foto 27.07.2023, Øystein Folden. Søre delen får slått. Nærast til venstre ein liten haug med særleg rik flora. Elles eit mindre areal med einstape. Einstapeområdet kan ikkje slåast med slåmaskin, grunna steinar.



Figur 3. Foto 14.08.2023 Øystein Folden. Austre delen før slått. Ein del fukteng i framkant, tørr og grunnlendt haug i bakkant.



Figur 4. Foto 17.08.2023 Øystein Folden. Kvar tredje rast ligg igjen og har vore vendt eit par gongar, resten er alt frakta bort. Litt bak midten ser vi fleire små parti som er blomsterrike, blei sett igjen for insekta, inntil vidare.